



## Møteprotokoll frå årsmøte i Creo Vestland

**Dato: Søndag 19.mars 2023 kl. 16:00 – 18:00**

**Stad: Hotell Zander K, Bergen og digitalt via Zoom**

Det møtte til saman 14 medlemmar; 9 på Zander K og 5 via Zoom.

### **1. Godkjenning av innkallinga og sakliste.**

Innkallinga og saklista vart godkjende utan merknadar.

### **2. Val av møteleiar, referent og 2 personar til å underskrive protokollen.**

Desse vart valde:

Møteleiar:

Kjell Erik Husom

Referent:

John William Kay

Til å underskrive protokollen:

Torbjørn Eide og Irene Bjørke

### **3. Godkjenning av årsmelding for 2022.**

Kjell Erik Husom las opp årsmeldinga for 2022 som gav eit grundig bilete av arbeidet i regionlaget det siste året.

Med nokre små rettingar vart årsmeldinga for 2022 godkjend.

### **4. Fastsetja rekneskap for 2022.**

Kasserar William Kay presenterte rekneskapen for 2022. Året enda med eit meirforbruk på kr. 9 705,72. Grunnen til dette var i hovudsak større reiseverksemd i regionlaget det siste året. Mellom anna har vi ikkje fått dekkja lokale reiseutgifter i samband med landsmøtet (reiser til og frå flyplass, parkering m.m.). Søknad om å få dekkja desse utgiftene er oversendt Creo sentralt men vi har hittil ikkje motteke noko svar.

Rekneskapen vart godkjend med merknad om å purre Creo sentralt når det gjeld reiseutgiftene knytt til landsmøtet. Årsmøtet var samd om at det var naturleg at Creo sentralt dekkja desse kostnadane.

## 5. Handsaming av budsjett og handlingsplan for 2023.

Kasserar William Kay la fram budsjettframlegget for 2023.

For å gje føreseielege vilkår, hadde det vore ein fordel å få informasjon frå Creo sentralt om kva tilskottsnivå regionlaget kan forventa kvart år etter at budsjettet sentralt er ferdig handsama. Det komande året har eit stramt budsjett men vi forsøker likevel å skåne aktivitetstilbodet til medlemmane. Det er også viktig å kunne yte medlemservice.

Budsjettet for 2023 vart samrøystes vedteke.

Leiar Kjell Erik Husom presenterte deretter styret sitt framlegg til handlingsplan for 2023. Styret la ikkje opp til store endringar i handlingsplanen denne gongen. Regionlaget opplever at med dei ressursane vil rår over så er det ikkje mogleg å rekkja over alt som står i handlingsplanen. Innhaldet samla sett utgjer likevel eit viktig styringsverktøy for arbeidet vårt. Årsmøtet var samd i at ein bør bruke Creo sentralt sitt kurstilbud mest mogleg, og at kursing av tillitsvalde bør vera ein prioritet.

Handlingsplanen for 2023 vart samrøystes vedteke.

## 6. Val

Til innleiing i saka informerte Kjell Erik Husom at han frå og med i dag trakk seg som leiar for regionlaget. Dette skjer midt i funksjonstida og det må difor veljast ny leiar fram til årsmøtet 2024.

Det vart diskutert grundig om årsmøtet kunne velja ny leiar eller ikkje, sidan dette ikkje stod eksplisitt i møteinnkallinga. Til slutt vart møtet samd om at det mest ryddige ville vere å kalla inn til eit ekstraordinært årsmøte for å velja ny leiar. Årsmøtet oppmoda det nye styret til å gjere vedtak om å kalla inn til slikt møte.

Martin Shultz la deretter fram valnemnda si innstilling til dei øvrige verva. I samsvar med valnemnda si innstilling var desse valde, samrøystes:

- **Nestleiar for to år:**
  - o John William Kay, Manger (KA)
- **2 styremedlemer for to år:**
  - o Johnny Osberg, Bergen (Frilans/sjølvstendig næringsdrivande)
  - o Christine Marøy, Sunnfjord (KS)
- **2 varamedlemer for eitt år:**
  - o Ingvill Espedal, Bergen (KS/Freelance/Sjølvstendig næringsdrivande)
  - o Bodil Erdal, Bergen (Spekter)

Silje Sandodden Kise, som no sit i forbundsstyret, valde å trekke seg frå valnemnda. Det vart fremja to benkeforslag til nye medlemar: Harald Blø og Helge Lilletvedt. Begge vart vald med akklamasjon. Brit Johnsrud har eitt år igjen av funksjonstida si og leiar nemnda i komande årsmøteperiode.

*J. William Kay*  
Referent.

**SIGNATURES****ALLEKIRJOITUKSET****UNDERSKRIFTER****SIGNATURER****UNDERSKRIFTER**

This documents contains 2 pages before this page

Dokumentet inneholder 2 sider før denne siden

Tämä asiakirja sisältää 2 sivua ennen tätä sivua

Dette dokument indeholder 2 sider før denne side

Detta dokument innehåller 2 sidor före denna sida

authority to sign

representative

custodial

asemavaltuus

nimenkirjoitusoikeus

huoltaja/edunvalvoja

ställningsfullmakt

firmateckningsrätt

förvaltare

autoritet til å signere

representant

foresatte/verge

myndighed til at underskrive

repræsentant

frihedsberøvende